MUSEUMS OG HISTORIELAGET FOR
HAUGESUND OG BYGDENE 1925 — 1950

HAUGESUND MUSEUM

ÅRSHEFTE 1945 - 1950

HAUGESUND 1950

FORORD

Det første årsheftet til Museums- og Historielaget for Haugesund og bygdene kom ut i 1935 med tiårsmelding for museet saman med avhandlingar om vestnorsk kultur. I 1946 kom årshefte nr. 2 med tiårsmelding for 1935-1945 og elles slik som det første med kulturhistorisk tilfang. Ti år mellom kvar publikasjon, mellom kvar gong museet gjennom det skrivne ord kan venda seg beinveges til sine medlemer og mange interesserte medhjelparar, det er alt for lenge. Styret har lenge vore klår over det, og i 1945 då hefte nr. 2 kom, sette me oss det målet å få ut ein publikasjon i minsto kvart femte år.

I samsvar med dette kjem årshefte nr. 3 iår. Det høver og slik til at det kjem i eit jubileumsår; det er 25 år den 3. november 1950 sidan Museums- og Historielaget for Haugesund og bygdene vart skipa. Oversynet over museumsarbeidet som er teke med i dette heftet gjeld derfor ikkje berre den siste femårsbolken, men gir eit samla utsyn over heile verksemda i desse første 25 åra. Det er formannen, dr. C. Magne Rønnevig, som har skrive denne 25-års utgreidinga. Men at han sjølv og kan halda 25 års jubileum saman med museet, det gløymde han nok å ta med. Dr. Rønnevig har vore formann i styret alle desse åra, og han har vore ein god og dugande formann som gjennom desse 25 åra har gjort museet store tenester og tatt mange tunge tak, serleg i den første vanskelege tida då museumstanken var ny her.

Den nåverande varaformannen, o.r.sakførar Svein Steinsnes, har og utan avbrot vore med i styret frå første dagen og heile tida vore ein aktiv museumsmann. Det meste av den store og verdfulle samlingen av jordbruksreidskap i museet er samla av han, og han har saman med denne innsamlinga drive eit omfattande granskingsarbeid i den lokale reidskapskulturen.

Museet skuldar båe desse to stor takk.

N. H. T.

BIBLIA/
DET ER DEN GANTSKE HELLIGE SCRIFFT

AV N. H. TUASTAD.


Vi Christian mett Guds naade/ Danmarcks/Norgis/Wendis och Gottis Konningh/Hertug wdi Slesuig/ Holsten/ Stormarn och Dytmersken/Greffue wdi Oldenborg och Delmenhorst/ Giøre alle witterligt att epther thij/ wij nu then almectigste Gudt till ære/saa och wore wnder-sotte besynderligen thennom som icke kunde forstaa Latine och Tydsk maal tijll beste/haffue ladett wdsette och prente then hele Bibel paa danske/och then tijlforne met flit ladet offuerse aff lerde Mendt her wdi wort Rijge Dämarck/ och besynderligen

Det er iår fire hundre år sidan ei fullstendig dansk omsetjing av Bibelen, den første p r e n t a danske bibelutgåva, kom ut i København. Det var eit kyrkjehistorisk storhende. For første gong i det halve årtusen kristendomen hadde vore statsreligion var det nå takka vere bokprentarkunsten mogeleg å spreida den heilage skrift i stor mengd i «tvillingrikene». Medan det til nå berre hadde vore dei lærde som hadde kjent Bibelen ved sjølvsyn, og jamvel dei avskrift dei hadde var nok helst berre einskilde bøker av det gamle og det nye testamentet, så kunde heile Bibelen nå, teoretisk set i minsto verta f o l k e b o k a.

K r i s t i a n d e n t r e d j e s b i b e l som den første bibelutgåva helst vert nemnt, var og eit litterært storverk som kom til å få heller stor innverknad på dansk og norsk åndsliv. Dette gjeld då først og fremst språkleg gjennom utviklinga av skriftspråket og litteraturen.

Fig. 1. Faksimile av den kgl. fråsegn om den første danske bibel på første tekstsida i 1550-utgåva.

Denne første bibelutgåva er sjølvsagt og eit interessant kulturhistorisk dokument. Det er såleis vel kjent korleis den gjennom sine illustrasjonar og sitt ornamentale tekniske utstyr har vore med og formidla stil og formspråk frå tysk renessanse til norderlanda, ikkje minst til folkekunsten.

Alt i alt kan det vera god grunn til å hefta seg ved dette firehundreårsminnet, og då det på norsk berre er sparsomme og spreidde opplysningar å finna om emnet, er denne artikkelen gjort så pass omfattande og detaljert. Tilfanget vart til å byrja med samla til bruk ved katalogisering her ved museet, og det er såleis noko av eit slumpehøve at det kjem med her som ein jubileumsartikkel.

REFORMASJONEN I DANMARK OG I NOREG.

Kristian den tredjes bibel var ei ekte frukt av reformasjonen og ei beinveges og logisk fylgje av den. Den kom og — samleis som reformasjonen — til å verka heilt gjennomgripande på heile åndslivet både i Danmark og Noreg, men ikkje i same leid i dei to landa. Med reformasjonen og den danske bibelen fylgde det i Danmark ei nasjonal oppbløming med vørdsling og dyrking av dansk mål og ei stor litterær verksemd på folkemålet[1]. I Noreg tok reformasjonen og reformasjonsbibelen derimot knekken på det som var att av norsk tunge i styringsverk og kyrkja. For oss nordmenn er det difor ikkje berre gode minne — og me lyt vel når sant skal seiast leggja til: heller ikkje f ø r s t og f r e m s t gode minne — som knyter seg til det storverket som den danske reformasjonsbibelen er. Noreg hadde korkje politisk eller åndeleg kraft nok til å gjennomføra Lutherlæra som ein indre nasjonal reformasjon såleis som Tyskland, Danmark, Sverike og dei andre landa der reformasjonen vart innført. Her var inga sterk nasjonal åndsrørsla som med eldhug greip den nye læra. Difor fekk Noreg heller ikkje sin reformasjonsbibel på det nasjonale målet, slik som dei andre landa og mellom dei endåtil Island fekk.[2]

Der er all grunn til å tru at dersom reformasjonen hadde kome inn i landet ved norske kyrkjemenn og åndsmenn, og Bibelen her

[1] Som me seinare vil koma tilbake til, hadde denne rørsla alt tatt til før reformasjonen vart innført. Den fylgde nok og tente reformasjonen, men var elles ikkje strengt kyrkjeleg.

[2] Ei islandsk omsetjing av Bibelen ved bisp Gudbrandur Thorlakson kom ut i 1584 og Nytestamentet alt i 1554.

som i andre land hadde vorte overført til norsk mål, då vilde det reine norske målet greidt å halda seg som levande skriftmål ved sida av det danske administrasjonsmålet gjennom heile dansketida.

Kva syn ein nå enn har på denne verknaden av reformasjonen og Kristian tredje-bibelen, anten ein tek den som den nasjonale ulukka den visseleg er, eller slik som mange gjer, som eit hendeleg uhell som det ikkje er nokon grunn til å jamra over idag, så gjer det ikkje noko frå eller til med den kjennsgjerningen at denne første danske bibelen er noko meir enn vanleg bibelomsetjing; den var eit nybrotsarbeid, og soga om den gir oss eit interessant kulturbilete frå reformasjonshundreåret, den store brytingstida mellom gamalt og nytt, tidsskiftet frå mellomalder til nytid.

I Danmark vart ikkje reformasjonen slik som her i Noreg eit maktbod utanfrå, men ein nasjonal åndskamp ført av ein flokk merkelege menn, dei fleste kòmne frå små kår i samfundet. Dei var alle sterkt gripne av bondeguten Martin Luthers opprør mot den mektige kyrkjetrusten i Roma. Dei fleste var dertil tydeleg påverka av den humanistiske åndsstraumen frå Erasmus av Rotterdam og krinsen kring han. Dei hadde studert ved universitet i utlandet, og nokon av dei hadde høyrt førelesningar i Wittenberg, det lærde sentrum for reformasjonen. Dei vende heim derifrå fulle av eldhug for den nye læra, og i tale og skrift tok dei arbeidet opp for den. Det sanne evangelium skulle nå preikast i kyrkjene på folket sitt eige mål. Peder Palladius, Hans Tausen, Niels Hemmingsen og andre vart folke-lærarar og føregongsmenn for reformasjonen. Desse mennene førde morsmålet inn i Guds hus, det fekk heidersplassen der latin og tysk hadde rådt grunnen.

Dansk vart og nå etter kvart vanleg skriftspråk. Dei djerve reformatorane skreiv stridsskrift, andaktsbøker, messebøker og salmar, og dei visste å dra nytte av den framifrå nye oppfinninga, bokprentarkunsten, så dei kunde få skriftene sine spreidde. Som ektefødde born av den sterke åndsstraumen i tida — renessansen — var dei ikkje redde for å nytta moderne hjelperåder og sterke og målande effekt i sine preiker og stridsskrift. Dette gav reformasjonen i Danmark ei råma og eit åndsinnhald som den ikkje fekk i Noreg.

Det første store målet måtte vera å få Bibelen overført til dansk mål. Det var heilt etter programmet til Luther og medarbeidarane hans i Wittenberg: Bibelen skulde ut til folket på folket sitt eige tungemål. Luther gjekk sjølv i førevegen og omsette og fekk

prenta Nytestamentet og sidan heile Bibelen til tysk etter den greske grunnteksten, og så stor vekt la han på at den heilage skrift skulde vera skjønleg for alle, at den tyske bibelen kom både i det overtyske (høgtyske) og i det nedertyske (plattyske) målføre. Det er den plattyske utgåva som har størst interesse her meddi den både i typografi og utstyr var beinveges førebilete for den danske reformasjonsbibelen. Den kom ut i Lybek i 1534[1] eit halvt år før den høgtyske utgåva (Jürgens: s. 33) og er prenta av Ludowich Dietz frå Rostock, same mannen som seinare kom til København og prenta den danske bibelutgåva.

Kristian den tredje hadde alt som ung prins gått over til den nye læra. På ei reis i Tyskland hadde han jamvel fått høve til å vera til stades på riksdagen i Worms og der høyrt Luther forsvara læra si. Han høgvyrde Luther og stod i personleg brevbyte med han (Molbech: s. 71). Såsnart Kristian vart konge, fekk han riksrådet og den i København samankalla riksdagen til å gjera vedtak om at Lutherlæra offisielt skulde innførast i Danmark og Noreg. Her vart og gjort det sørgeleg kjende vedtaket som politisk gjorde Noreg til ein provins under Danmark. («Norrige skulde herefter ikke mere være eller hedde noget Kongerige for sig, men en Ledemod af Danmarks Rige og under Danmarks Krone til evig tid»). Ikkje å undrast på at reformasjonen møtte hard motstand her i landet!

Luther sende Johan Bugenhagen til København til å hjelpe kongen med den nye kyrkjeordinansen[2] og med den store omskipinga av kyrkja, universitet og skulestell. Han var i København i to år, og det var på hans råd kong Kristian valde Lybekutgåva til mynster for den danske bibelutgåva og vende seg til Dietz om prentinga (Munksgaard: s. 13). Bugenhagen var pommeraner og hadde og ført tilsynet med den plattyske omsetjinga av Nytestamentet. (På tittelbladet til Nytestamentet i Lybekbibelen står han nemnt som forfattar til tekstutgreidinga).

BIBELEN PÅ FOLKEMÅLET.

Alt frå mellomalderen hadde det funnest ymse handskrift med

[1] Den høgtyske utgåva er prenta av Hans Lufft i Wittenberg. Den ber og årstalet 1534.
[2] Vedteken på kyrkjemøte i Odense og prenta 1537.

Fig. 2. Adam og Eva i Paradis. Ill. i Kr. 3. s. bibel, tresnitt av E. Altdorfer.

stykke av Bibelen på folkemålet.[1] Slike handskrift er kjende både på dansk og norsk. Ved den tida dei førebudde den fullstendige danske bibelutgåva fanst det og fleire prenta utgåver på dansk både av Nytestamentet og av bolkar av Gamletestamentet. Den eldste prenta utgåva av Nytestamentet ved Hans Mikkelsen og Kr. Winter kom ut i Leipzig i 1524 tilskunda av den utlæge Kristian 2. I 1528 kom det i Rostock ut ei dansk utgåve av Davidssalmane ved Frans Wormordsen. Året etter kom Kristjern Pedersens omsetjing av Nytestamentet ut i Antwerpen og ei ny utgåve av dette same stad i 1531, der var og same året (1531) prenta ei utgåve av Davidssalmane omsett til dansk av Kristjern Pedersen. I 1535 kom dei fem mosebøkene ut i Magdeburg omsett til dansk av Hans Tausen. Tittelbladet. «Det gamle testamente met Tro oc flijt fordandtsket», osv. tyder på at Tausen hadde tenkt å omsetja heile

[1] Stjorn, ei omsetjing av G. T. til gamalnorsk på 1300-talet, er utgitt av C. Unger, (Kra. 1864), inneheld Moseb., Josva, Dom., Ruth, 1.-2. Sam, 1-2 Kong. og Makk.

Gamletestamentet.[1] Men av ein eller annan grunn som ikkje er kjend nå, har han ikkje gjennomført dette. Det skal endeleg nemnast at presten Peder Tidemand omsette (etter Luther) Dommernes Bog, prenta i København 1539, og Salomonis Wiisdom til Tyranner og Jesus Sirak båe prenta i Magdeburg 1542.[2]

Både Kristjern Pedersen, Hans Tausen og Peder Tidemand vart sidan knytte til det store arbeidet med den nye og fullstendige bibelutgåva. Det var lenge uvisse om kven som skulde reknast for den røynlege omsetjaren av reformasjonsbibelen. Korkje den kongelege fråsegna om prentinga eller den omstendelege fortalen i bibelutgåva nemner noko om det, og det går heller ikkje klårt fram av rekneskapane. Peder Palladius var jamnast rekna for hovudmannen (Sjå note side 124).

Seinare granskingar har likevel slått fast at Kristjern Pedersen omsette heile Bibelen (Brandt: Vore danske Bibeloversættelsers His. s, 33 og Rørdam: Til Opl. om Bibeludg. 1550 i Ny Kirkehist. Saml I). Som nemnt hadde han alt omsett mykje av Bibelen så det var eit arbeid han ikkje var framand for, men han hadde og elles eit stort og allsidig litterært arbeid attom seg[3], og han hadde meir enn nokon annan på den tid dyrka det danske folkemålet. Dette siste var ikkje det minst viktige når den fullstendige Bibelen nå skulde skrivast om til «et ret forstandeligt Danske». Her var Kristjern Pedersen den rette mannen. «Vor ældste danske Stilist og Literator», seier Molbech som og vurderar dei tidlegaste språkarbeidene til Kr. Pedersen høgre enn dei tidlegaste arbeidene til Luther. (Molbech s. 44).

I 1543 var arbeidet ferdig frå Kr. Pedersen si hand. (Kirkehist. Saml. II: s. 396). Ein kommisjon av lærde menn skulde nå gå kritisk gjennom manuskriptet. Kommisjonen var samansett av dei kjende reformatorane, biskop Peder Palladius, dei teologiske professorane Niels Hemmingsen og Johan Maccabæus, kanniken Jens

---

[1] Tausen fekk i 1543 kgl. privilegium til å la prenta ei full omsetjing, men den kom aldri (Munksgaard).

[2] Om desse tidlege danske omsetjingane finst ei utgreiding av M. W. i Det kgl. danske Videnskabsselskabs Skrifter I, København 1745.

[3] Kr. Pedersen (1480-1554), kannik i Lund, levde fleire år i utlandet saman med den utlæge Kristian 2. Han studerte ved høgskulen i Paris, var ein framifrå språkmann og gav i Paris-tida ut fleire bøker. Hans Jertegns Postil, 1515, er mykje nytta som kjeldeskrift av kulturhistorikaren Troels-Lund. Andre verk: Latin-dansk ordbok, samling av danske ordspråk, omsetjing av krønikeskrift m.a. Holger Danske og Karl Magnus til dansk. Han gav og ut den første Saxo-utgåva og berga med dette storverket for ettertida. Med rette vart han kalla «den danske Litteraturs Fader».

Henriksen og presten Peder Tidemand. Dr. Ejnar Munksgaard seier at kommisjonen i smått og stort brigda teksten til Kr. Pedersen. Det kommisjonen serleg skulde sjå etter var at omsetjinga fylgde Luther-omsetjinga, og her kan det nok henda at den danske omsetjaren med god grunn har fylgt sine eigne vegar i omsetjinga etter grunnteksten. Men kommisjonen heldt seg strengt til det kongelege påbodet om å fylgja Lutheromsetjinga så langt det danske tungemål tålte det (Molbech: s. 73), og det ser ut til at den har gjort manuskriptet uleseleg med strykingar og rettingar; for av rekneskapane går det fram at nokre studentar har fått løn for å reinskriva manuskriptet. At kommisjonen har gått grundig til verks skjønar me og av det, at den brukte tri år til arbeidet.

Når ein rett ofte ser nemnt i lærebøker og oppslagsverk at den danske reformasjonsbibelen er ei rein omsetjing av den tyske bibelomsetjinga til Luther, så må me tru at det meir er den lærde kommisjonen[1] enn Kristjern Pedersen som har ansvaret for det. Men den folkelege språkdrakten som denne første bibelutgåva har med danske ord og vendingar frå det daglege livet, det er nok omsetjaren sitt verk. I forordet til sin Jertegns Postil (Paris 1515) seier Kr. Pedersen: «Havde nogen af dem (apostlane) skrevet Evangelia til Danmarks Riige, da havde han dem visselig skrevet paa ret Danske, saa alle det forstondet havde, thi hvert Menneske bør at kunde dem paa sit eget Maal. Ingen skal tro at de ere helligere paa et Tungemaal end paa et andet».

Det er her og grunn til å merka seg at når det gjeld sjølve det tekniske arbeidet var det den lutherske Lybekutgåva som var det direkte førebilete. I kontrakten mellom kongen og den tyske bokprentaren, (datert 8. mai 1548) er det understreka at den danske bibelutgåva skulde prentast «als zu der Lubischen bybel». (Kirkehist. Saml. II. s. 398). Denne reint tekniske likskapen mellom dei to bibelutgåvene kan vel og ha gjort sitt til å spreida den noko misvisande oppfatningen at den danske bibelutgåva berre var ei beinveges omskriving til dansk av Lutherbibelen. Men trass i både den ytre likskap og den reint teologiske analogi med Lutherbibelen er der ingen tvil om at språkleg er Kristian den tredjes bibel eit sjølvstendig og framifrå bokverk, «utvilsomt det merkeligste Sprogminde Reformationen har affødt», seier den danske historikaren Niels Bache (Nordens Hist. III s. 815).

---

[1] Dr. Munksgaard hevdar at kommisjonen har halde seg heller strengt til den reviderte Lutherutg. av 1545.



Fig. 3. Tabernaklet i øydemarka, tysk landskap med bondegard! Ill. i Kr. 3.s bibel (Altdorfer).

Professor Molbech har i si kritiske gjennomgåing av språket i dei danske bibelomsetjingane sett denne utgåva opp som den beste. Han gjer kritiske samanlikningar med dei nyare omsetjingane og kjem til det resultat at den då 300 år gamle bibelomsetjinga «fra Sprogets Side lidet behøver at frygte Sammenligningen». Han peikar og på korleis Kristjern Pedersen både i sine språkarbeid og i dette omsetjingsarbeidet kom til å få ei stor og grunnleggjande innverknad på det danske skriftmålet. Det er avgjort, seier han, at der ved dette «i sin Tid saa vigtige og betydelige Sprogværk, i Forening med andre samtidige Arbeider, og ved et Slags ungdommelig Livskraft, der ytrede sig hos Folket og i Tungemaalet, i det 16de Aarhundrede dannede sig en eiendommelig, national Charakter og Tone i det danske Skriftsprog, hvis Skiebne og Udvikling i det næstpaafølgende Aarhundrede ingenlunde svarede til det, som hiint 16de bebudede.» (Molbech: s. 24 og 49). Om den fylgjande bibelutg. Fr. IIs bibel (1589) seier Molbech (s. 109) at den i grunnen ikkje var anna enn ei ny utg. av 1550-bibelen. «Den Fliid, hvormed den efter Kongens «alvorlige» befaling skulde udføres, var her nesten ikkun Anledning til at anvende ved Correctur af Trykningen.»

Seinare bibelomsetjingar som teologisk set nok skulle vera betre, «med Fliid og efter Grund-Texten efterseete og rettede» som dei var, vann seg likevel ikkje det romet mellom det jamne folket som den gamle bibelen. Eit døme på kor godt lika denne bibelomsetjinga var er dei mange utgåver og opplag av den såkalla «Huus- og

Reyse-Bibel», som mest ikkje var anna enn ei oppattprenting av Kristian den tredje-bibelen (Otzen: s. 33) og, som det heiter i forordet til ei av desse utgåvene, var «den Version, der blandt Danske Bibler nærmest kommer overens med Lutheri tydske Version, og tillige er i deres Menighed fra gammel Tiid av bekiendt og brugelig.[1] I Danmark kom Hus- og Reisebibelen i mangfaldige opplag heilt til 1802, spreidd i stort tal også i Noreg, og her i Noreg var det så seint som i 1840 trykt ei bibelutgåva, «Billed-Bibel for Det norske Folk» (Chra. 1840) etter den gamle Hus- og Reisebibelen.

I forordet til denne norske bibelutgåva heiter det etter den samtidig danske bibelomsetjaren J. K. Lindberg: «Sidan Den hellige Skrift første Gang udkom paa vort Modersmaal, er den ikke alene mange Gange bleven trykt op igjen, men baade bleven oversat fra Ny af og «flittig gjennemseet og rettet» efter Grundtexten. Imidlertid er det langt fra at denne danske Bibel i det hele Taget vandt ved disse Arbeider, tvertimot tabte den mere og mere i Folkelighed, Livlighed og Forstaaelighed, jo omhyggeligere man stræbte at gjengive Grundtæxten Ord for ord uden at tage tilbørligt Hensyn til vort Modersmaal, eller alvorligt spørge sig selv om Folk af den danske Tunge virkelig kunde tiltales af en saadan Oversættelse. Naar vi derfor undtage Enkeltheder hvori virkelige Forbedringer unægteligen ere foretagne, enes Kendere let om at Kong Christian IIIs Bibel som Sjællands Biskop, Dr. Peder Plade, oversatte med nogle lærde Mænds Hjælp efter Luther, endnu indtil denne Dag er den bedste danske Bibel.»

EIN KONGELEG BOKHANDEL.

Først mot slutten av 1547 var arbeidet med manuskriptet kome så langt at kongen kunde ta opp tingingar med den tyske bokprentaren. Det fanst på den tida ikkje noko dansk prenteverk som kunde ta på seg eit så stort og vanskeleg arbeid, og det fall då naturleg å freista få ein av dei tyske meistrane som alt hadde god røynsla frå lutherutgåvene til å gjera arbeidet. Dietz hadde eit godt ord på seg for Lybekutgåva, den var som Molbech seier «en af Typografiens mest utmærkede Frembringelse som Tyskland i det 16. Aarhundrede har at fremvise.» Dietz hadde óg i 1539 i Rostock prenta ei kvartutgåva av Nytestamentet med illustrasjonane frå Lybekutgåva. Der er det i Apostelgjerningane og kome med eit nytt tresnitt, pinse-

[1] Biblia efter den 1699 udgangne Huus- og Reyse-Bibel, Kbnhvn. 1738.

underet, som og kom med i den danske utgåva.[1] Seks av tresnitta til Lybekutgåva er så seint som 1578 nytta i ei ny plattysk bibelutgåva prenta i Magdeburg av Wolfgang Kirchner (Jürgens: s. 34).

Dietz hadde såleis god røynsle i slikt arbeid, og han hadde det typografiske materiell og utstyr som trongst til eit slikt kjempearbeid som det etter tilhøva den gongen var å prenta eit illustrert verk på 1104 folioblad (2208 boksider) i 3000 eksemplar.

Kontrakten mellom kongen og den tyske bokprentaren er skriven på Koldinghus slott, det nåverande museum for Koldinghus len, og datert «Coldingen den 8ten tagk May Anno 1548.»[2] Same sumaren kom Dietz til København med prenteverket sitt frakta fritt med farty frå den kongelege flåten[3], og i desember kunde han senda kongen det første prøvearket. Denne var alt anna enn nøgd. I eit brev frå 15. desember er majesteten morsk og kritiserar både trykk og utstyr og vil at Dietz skal skaffa ny skrift. Det vart nok ikkje noko bra julehelg for tyskaren i Kongens stad. Heile arbeidet heldt på å falla i fisk. Men óg på den andre sida var det mykje som stod på spel; ein bokprentar som kunde overta arbeidet var ikkje lett å finna i farten, og det er truleg at sterke krefter har vore ute for å få kongen til å slå av på krava. Det vart då til at han likevel godtok dei framlagde prøvane (brev dagsett 7. januar), og Dietz kunde setja pressa i gong. Han brukte eit og eit halvt år til å setja opp, korrigera og prenta bibelen. Med dei arbeidsvelder dei rådde over må det ha vore eit heller hardt kjør i prenteverket til Dietz, sjølvom me idag tykkjer det var urimeleg lang tid. Men så hadde dei heller ikkje setjemaskinar og automatpressa den gongen, og det må ha vore eit slit å gjera ferdig på jamnan eitpar former dagleg.

Kongen hadde på førehhand førebudt og organisert alt utruleg

---

[1] Den engelske bibelutgåva 1537 omsett av Ths. Matthew har tittelsida og heilsides illustrasjonen av Adam og Eva i Paradiset frå Lybekbibelen. Det kan tyda på at Dietz har hatt noko å gjera med denne utgåva. Alle engelske bibelutgåver og deler av slike før 1538 er prenta i utlandet då det til den tid var forbod mot å prenta Bibelen i England. Bibliotekar Harboe seier at ein ikkje er sikker på kvar eller av kven denne utgåva er prenta. I T. H. Darlow & H. F. Moule: Historical catalouge of the printed edition of the Holy Schripture, vol. 1, Lond. 1903 heiter det: «Printed for R. Grafton and E. Whitchurch of London. Qu. Antwerp?»

[2] Både denne kontrakten og andre aktstykke er offentleggjort av C. J. Brandt i Kirkehist. Saml II.

[3] Dette seier noko om kor vørd ein bokprentar var i den tida. Han var ikkje rekna for vanleg handverkar, men stod næmast i klasse med dei lærde. Det er og mange døme på at kjende vitskapsmenn dreiv prenteverk. Det ligg her sers nær å nemna Kristjern Pedersen som med kgl. bevilling dreiv eit prenteverk i Lund.



Oc der paa skal Aaron/huer morgen/tende velluctede Røgelse/naar hand tilreder Lampernc. Desligest om affrenē naar hand tender Lamperne/skal hand oc brende saadant røgelse/ Det

Fig. 4. Røykaltaren i renessansearkitektur med monogrammet til illustratøren, EA. Frå Kr. 3.s bibel, (Altdorfer.)

godt. Papiret var allereide i 1546 innkjøpt i Holland og låg lagra hjå tollaren i Helsingør.[1] Finansieringa var óg ordna. Det var til det skrive ut ein kyrkjeskatt på 2 dalar på kvar einaste soknekyrkja. (Det er uklårt om denne skatten har vore innkravd i Noreg; rekneskapane tyder på at den i minsto berre delvis har vore det). Dette var ei forskotsbetaling som skulde godskrivast dei einskilde kyrkjene når dei sidan tok imot og skulde betala bibelen.

Men denne bibelskatten har ikkje vore nok. Den har nok heller ikkje gått så glatt inn; det laut purringar til både ved innkrevjinga og seinare då den ferdige bibelen skulde seljast. Til å dekka prentingskostnadene har kongen alt i 1548 skrive til tollaren i Helsingør etter 1000 dalar av Øresundstollen. Kongen laut dertil skyta til av eigen kasse, men både kongen og tollaren fekk pengane att sidan.

Sumaren 1550 var Dietz ferdig med prentearbeidet. (Tittelbladet ber årstalet M.D.L. (1550) og ei kongeleg fråsegn som er prenta på første tekstsida, er «Giffuit paa wort Slott Kiøpnehaffn Taarsdagen nest epther Sancti Hans dag medsomer Aar etc. MDL.».)

Til innbindinga vart det og kalla inn tyske handverkarar. Ved kontrakt dagset 12. juli 1550 mellom kongen og bokbindaren Paul

[1] Holland var eit av dei fremste land i papirtilverkinga. Danmark fekk si første papirmølle i 1576. Papiret laga dei av filler av lin og bomull.

Knobloch frå Lybek påtek bokbindaren seg «innan år og dag» (o: 1 år og 6 veker) å binda inn to tredjeparter av opplaget (eller 2000 eks.) i forsvarleg lærbind med trepermar med spenner for 2 mark pr. bind og dertil fritt hus (1 dalar heldt 3 mark).[1] Han skulde levera 100 ferdige biblar om gongen.

Ein må gå ut frå at bokbindaren har kunna levert frå seg dei første ferdige eksemplarane alt på haustparten same året, og dei har då med ein gong teke til å senda biblar utover landet.

Det var universitetet som styrde med sal og distribuering. Dei som har havt beinveges med dette arbeidet var etter rekneskapane å døma den tidlegare nemnde professor Johs. Macchabæus og den medisinske professoren, seinare rektor Chr. Morsing.

Ein skulde tru at eit opplag på 3000 eksemplar vilde gått ut med ein gong berre til kyrkjer og prestar. Men dei høglærde kongelege bokhandlarane laut likevel streva både mykje og lenge før dei kunde melda utselt. Kanhende det var avdi bibelskatten hadde gått så tregt inn at dei klok av skade hadde fått med i den kongelege kunngjeringa som er prenta på første tekstsida, eit forbod mot andre danske bibelutgåver: «Thij forbiude wij alle ehou the helst ere eller være kunde Nogen danske Bibell ephter thende dag at prente lade — —». Det heiter rett nok at dette er gjort til å hindra forfalskning av Bibelen, avdi mange «for girighedz skyldt strax lade igen prente samme bøger oc dog icke wille giøre ther paa nogen flijt eller besynderlig wmbkosth att lade thennem tijllforne offuerse aff Lerde ment», men det ligg nær å tru at dette forbodet like mykje er diktert av reint forretningsmessige omsyn som av heilag otte for at kjetterske bibelomsetjingar skulde verta spreidde mellom folk.

Det var snaut nok skort på interesse for den nye bibelen som gjorde at handelen gjekk tregt. Men det var ei dyr bok. Omsetjing, prenting og innbinding kosta staten mange pengar; det var eit milliontiltak mælt etter pengeverdet idag, og salet skulde dekka alle utlegg. Etter rekneskapane, som elles er svært ugreide på dette punkt, ser det ut til å ha vore to eller kanskje tri prisar, meddi nokre biblar

---

[1] Kirkehist. Salm. II s. 402. Reknskapen syner elles at fleire har arbeidt med innbindinga. Såleis er og nemnt ein fransmann, Antonius Mollet. (Antoine Maillet).

Nyrop peikar på at betalinga for innbindinga tykkjest uvanleg høg og kan snaut ha vore det vanlege «om endog Bogbinding den gang har været betrakted som en Kunst og ikke som et Haandværk». Vanleg pris i Danmark på 1500-talet tykkjest ha vore kring 12 skill. pr. bokbind. (C. Nyrop: Bidr. til den danske Boghandels Hist. Kbnhvn. 1870 s. 111).

hadde «beslagne», nokre ubeslagne bind, men medelprisen har vore kring 5 dalar.[1] Ein vaksen ukse kosta ikkje meir den gongen, og omgjort i kornverde har ein av dei kongelege embetsmenne rekna 10 tunner korn for ein bibel. Det tilsvarar mellom 4 og 5 hundre kroner etter kornprisane i Noreg idag.[2] Endå Bibelen var ein kosteleg skatt som folk gjerne vilde eiga, kunde berre rike folk kjøpa den til slik svær pris. Kyrkjene hadde ved reformasjonen mist sine store jordeigedomar og andre rikdomar og inntekter; det er nok forklåringa på at det gjekk så tregt med å få inn bibelskatten.

Det ser ut til at der embetsmennene gjekk hardt på med innkrevjinga, har dei mange stader ikkje havt anna å betala med enn korn. Med dei nye reformasjonsprestane var det og smått stell i pengevegen. Dei sat nå, då kyrkja ikkje lenger hadde store innkomer å løna dei med, så smått i det at det ofte var hardt nok å få endane til å møtast til snaue levemåten, nå som dei og var gifte og oftast sat med store barneflokkar.

I 1555, fem år etter at Bibelen var ferdigprenta, har det vore naudsynt å senda ut eit kvast kongeleg påbod om at Bibelen skulde finnas i alle kyrkjer[3] og det ser ut til å ha hjelpt på avsetnaden. I minsto har opplaget litt om senn gått unna. Opgjeret for distribueringa er datert 28. juli 1562, og det syner at sluttresultatet jamvel vart eit pent overskot til kongen etter at alle utlegg var betalt, tollaren i Helsingør hadde fått attende sine pengar, og omsetjaren og den lærde kommisjonen hadde fått sine honorar. Av overskotet vart det og etla ut nokre stipend til fatige studentar.

REFORMASJONSBIBELEN I NOREG.

Det kan ikkje seiast noko visst om kor mange av dei 3000 biblane som kom hit til landet. Talet 96 er ofte nemnt i oppslagsverk og

---

[1] Brandt seier at «hver kirke i begge Riger blev paalagt at købe et expl. til en Pris af 5 Daler, som i vore Penge (danske i 1889) svare til omtrent 80 Kroner».

[2] Det er nok helst noko av eit slumpetreff når eit av dei attverande eksemplar her i landet i 1941 vart selt nett til denne prisen (400 kr.).

[3] «Den dansche Bibel schall alle Sognepræster haffve tilstede udi Kircken huer hellig Dag for Alteret at læse Epistelen oc Evangelium off eller med stor schrifft lade saadanne udschriffve oc icke lade samme Bibel forderffvis, men hvert Aar viise Almuen den hell oc hulden paa regenschab. Men huilcken Kircke som endnu icke haffver Bibelen schall fly sig den, eller Kierche Verger schall staa til straft for Ulydighed mot Kongens Befalinng, om de for Deris forsømmelsis schyld icke udgiffver Kierckens penge til nytte.» (Etter Munksgaard).

Fig. 5. Samson knuser tusen filistrar. Riddarborg og vindmylle i bakgr. Frå Kr. 3 s bibel. (Altdorfer.)

lærebøker, men me skal ikkje stola så visst på at det er rett. Dette talet skriv seg frå den elles svært ugreide og truleg ufullstendige rekneskapen som nå finst att etter Chr. Morsing[1], der det heiter: «Til Norre xcvj bibler meste part betalet». Det er alt som er nemnt i desse rekneskapane om sendingar av biblar til Noreg, men det er her all grunn til å vera merksam på at rekneskapane til Macchabæus og Morsing ikkje gir greide for kor heile opplaget er vorte av. Kring 600 eksemplar må vera halde utafor desse rekneskapane og kan då antan har vorte delt ut fritt til kyrkjer og prestar, eller dei er selde på onnor vis enn hovudopplaget.

Som nemnt gjekk handelen frå først av ikkje etter planen. Kongen fann det naudsynt å truga med harde rådgjerder mot dei som trassa påbodet om at Bibelen skulde finnast i alle kyrkjer, og det er då lite truleg at Noreg slapp med berre 96 biblar. Molbech gjer (s. 76, note 3) merksam på at det frå andre kjelder er kjent at det i 1553 vart sendt biblar for 130 dalar til Oslo. Etter vanleg pris må det ha vore 26-30 ekseplar. Om dei er medrekna i dei 96 eksemplar hjå Morsing, eller om det er ei sending som kjem i tillegg til desse, er uvisst.

Ein ting som talar for at det endelege og verkelege talet på biblar som etter kvart kom til Noreg må ha vore langt større, er det at det ennå finst så pass mange att av denne fire hundre år gamle bibelutgåva. Som det går fram av lista side 131 finst det her i lan-

[1] Rekneskapen finst i det danske riksarkivet og er av Brandt prenta i Kirkehist. Saml. II s. 406.

det ennå 35 eksemplar som me har kjennskap til, ein tredjepart av det talet Morsing nemner. Sjølv om me lyt rekna med at det i lang tid framover er kome einskildeksemplar til landet frå Danmark med prestar og andre embetsmenn, slik som det eine eksemplaret i privat eiga i Oslo, nemnt side 133, så vert likevel høvet mellom opphavlege og attverande eksemplar utruleg stort. I Danmark der me då måtte rekna med at kring 2900 eksemplar var att[1], burde det etter same høvetalet vera att kring 1000 ennå.

Lauritz Nielsen: «Dansk Bibliografi 1482-1550» nemner 41 eksemplar av Kristian den tredjes bibel som ennå finst i offentlege samlingar[2]. Dertil kjem nokre få eksemplar i privat eiga, seier Nielsen. I Noreg er det i røynda to og ein halv gong dette talet i offentlege samlingar. Kanskje noko liknande er tilfelle i Danmark, men ein må vel og kunna rekna med at forfattaren har kunna skaffa seg meir pålitande opplysningar der. Eg kjenner ikkje det rette talet,[3] men sjølv om L. Nielsens oppgåve for Danmark ôg kanskje lyt plussast noko,[4] vert det likevel for stor skilnad i høvet mellom distribuerte og attverande eksemplar i Danmark og Noreg. Der kan sjølvsagt ha spela inn andre ting, t.d. øydeleggjing av ein større part av opplaget ved brand eller liknande, men ingen ting slikt er kjent, og me veit at heile opplaget var gått ut då dei i 1570-80 åra tok til å arbeida med ei ny bibelutgåva.[5] Den rimelegaste forklåring på dette ulike høvet er at det til Noreg er kome eit langt større tal enn dei 96 eksemplar som er serskilt nemnde i rekneskapen.

Etter dei opplysningar det under arbeidet med dette stoffet har vore høve til å få frå museer, bibliotek og interesserte privatpersonar, kan lista over kjende eksemplar her i landet setjast slik:

---

[1] Etter reknskapen til Morsing vart berre 3 biblar sende til Island: «Item iij till Island».

[2] Nielsen nemner desse: 4 i Videnskapsselskapet, Trondheim, 3 i Universitetsbiblioteket, Oslo, 2 i Deichmannske bibliotek, Oslo, 1 i Bergens Museum. (Som ein vil sjå er desse tala ikkje a jour).

[3] Ejnar Munksgaards Antikvariat, Kbnhvn., opplyser at ein kan setja talet på ekspl. i privat eiga i Danmark til 15, men noko viss oppgåve har ein ikkje. Når det gjeld ekspl. i offentlege samlingar har ein berre Lauritz Nielsens opplysningar (41 ekspl., derav ti defekte, i danske og utenlandske samlingar) å halda seg til.

[4] Eit ekspl. som finst i Museet for Koldinghus Len, Kolding, innkome til museet frå England for 15-20 år sidan, (oppl. til forf. frå museumsinspektør Sigvard Skov, Kolding) kan ein ikkje sjå er nemnt hjå Nielsen.

[5] M.a. nemnt i forordet til Kristian 4.s bibel av 1633: «— den Danske Bibel huilken Koning Christian den 3 lod Aar 1550 først paa Prent udgive, vare bortsolde, saa at ingen flere aff dennem vaare ad bekomme.»

Fig. 6. Samuel salvar Saul. Draktar frå 1500 talet. Frå Kr. 3.s bibel. (Altdorfer.)

Universitetsbiblioteket i Bergen	4
Det kgl. Norske Videnskapers Selskap, Trondheim	4
Universitetsbiblioteket, Oslo	3
Deichmannske bibliotek, Oslo	4
Stavanger Museum	2
Arendal Museum	1
Drammens Museum	1
De Heibergske Samlinger, Sogn	1
De Sandvigske Samlinger, Lillehammer	1[1]
Fylkesmuseet for Telemark og Grenland, Skien	1
Haugesund Museum	1
Kristiansands Folkemuseum	1
Norsk Folkemuseum	1
Kaptein T. Bugge, Drammen	1
Verkseier J. A. Jensen, Drammen	1
Gardbrukar G. Haaland, Erfjord	1
Bokhandlar Nils Sund, Haugesund	1
I privat eiga i Sogn	1[2]
I privat eiga på Sørlandet	1[2]
Frk. Karen Andersen, Oslo	1

[1] Om dette eks. opplyser direktør Grieg at det er påfallende utan patina så det kanskje kan vera eit opptrykk frå nyare tid. Det einaste kjende opptrykk er faksimileutg. frå Lewin & Munksgaard 1928, og då det snaut kan vera den som i defekt tilstand er kome til museet, må det vara eit av originaleks. frå 1550, det har og dette årstalet.

[2] Museumsstyrar Svein L. Vold, Ambla, har fortalt meg om desse, men kunne då ikkje hugsa namn.

Fru Vigdis Einrem Jacobsen, Oslo	1
Fru Marie Mamen, Hvalstad, Oslo	1
Lars Eskelands boksamling, Voss	1
Fru Annie Saxegaard, Bergen	1

Karmøyeksemplaret er kome til Karmøymuseet frå Nes i Ferkingstad sokn. På ei av sidene inne i bibelen er skrive namnet: Simon K. Simonsen Nes. Han døydde i 1943. Forfattaren Simon Nes fortel at det skal vera farfar hans og far til nemnde Simon K. Simonsen som kjøpte bibelen på ein auksjon i Stavanger for 4 dalar. Ein veit ikkje kven som åtte den før; både tittelbladet og forsats, som kanskje kunde ha gitt opplysningar om det, er borte. Inne i boka finst det elles mange notatar i margen. Ein kan skilja ut to handskrift, den eine frå tidleg i 1600-talet (Ao. 1612 finst tri stader) og den andre frå 1800-talet. Den førstnemnde må etter alt å døma ha tilhøyrt ein geistleg. I margen står einstad restene av eit mannsnamn. Det er skrive med majuskler (latinske storbokstavar) men slik at berre toppane står att. Det må vera 1600-tals mannen som har skrive det. Dei to første namna let seg lett rekonstruera til MARTEN CHRISTENSEN. Det siste ordet byd derimot på mange tolkingar. Lettast er det å få det til RIBER. Andre, men ikkje så sikre alternativ er BUGGE og BIERGE.

Det eksemplaret bokhandlar Nils Sund eig, er kome frå Hardanger. Det var faren, kjøpmann C. N. Sund som kjøpte det i Norheimsund kring 1880. Han betalte 2 kroner for den gamle bibelen, det var ein pris som både kjøpar og seljar totte gjekk an, seier Nils Sund etter faren. I dette eksemplaret er det og fullt med margnoter skrivne med 1600-tals skrift. Dei gir ingen annan opplysning om eigaren enn at han må ha vore ein lærd mann; notatane hans er så å seia utan undantak skrivne på latin. I to av notatane finst årstala 1673 og 1679, men elles ingen ting som kan setja oss på sporet etter den lærde herren som åtte denne bibelen i 1670-åra.

Av dei to eksemplarane i Stavanger Museum er det eine frå samlinga til presten Sinding. Fru Sinding gav denne til museet i 1930. Tittelbladet er borte, men elles er den i god stand. Det andre eksemplaret (St. M. 1916: 33) har tilhøyrt Nils Hansen Sandager, Det er og i tolleg bra stand, men ikkje så vel halde som det første.

Om bibelen i Erfjord, Ryfylke, opplyser eigaren, gardbrukar G. Haaland, at det har vore på Håland sidan 1635. Det året har Gudmund Olsen Haaland skrive namnet sitt i den. Den er noko ramponert, skriv Haaland.

Fig. 7. Kristian den tredjes bibel, i Det kgl. Bibliotek, København. Truleg originalbindet frå 1550.

Kaptein Bugge, Drammen opplyser at han har erva sitt eksemplar etter faren, den kjende forretningsmannen konsul Jens Bugge, Mandal. Han var og ein interessert samlar. På første sida i bibelen er innført desse opplysningar (av den nåverande eigaren):

«Dette eksemplar har tilhørt «Kongen i Mandals» (Tørres Christensen Nedenes) svigersønn, Seigneur Anders Rasmussen, stor skipsreder, sagbrukeier og grosserer i Mandal, f. 1680 — d. 10/11 1740 (hans og hans hustrus initialer på beslaget på boken). Den kom tilbake til slekten ved konsul Jens Bugge, Mandal, og ved dennes død 8/11 1939 kom den i sønnens, kaptein Tjodulf Bugges eie.»

Frk. Karen Andersen, Oslo, fortel at det eksemplaret ho har er kome frå Danmark i seinare tid med farfar hennar, prost i Hedmark Even Andersen (f. 1780 d. 1841). Han tok embetseksamen i København år 1800 og var prest i Danmark til 1814 då han kom attende til Noreg. På eit av forsatsblada finst ei lista over «Præster som haffe været udi Hemminge og ..... Sogn siden Reformationen». Lista er ført til 1713 og har namn på 11 prestar. Her har me altså eit døme på at det jamvel så seint som i slutten av danske-tida kom einskildeksemplar av reformasjonsbiblen hit til landet med prestane.

Om det eksemplaret som fru Marie Mamen, Hvalstad, nå eig, har eg tatt imot opplysningar frå den tidlegare eigaren, bankfullmektig Haakon Heilo, Oslo. Han hadde erva Bibelen etter faren, den kjende presten J. C. Larsen, som var generalsekretær i Norges Søndagsskoleforbund. Dette eksemplaret er kome frå Land, og den første som ein kan sjå har skrive namnet sitt i det er ein Peder Rødnes. Ætta hans bur framleis i Fluberg.[1]

Fru Einrem Jacobsen, Oslo fortel at hennar eksemplar har vore i ætta si eige i over hundre år.

Forfattarinna Annik Saxegaard som eig det nemnde eksemplaret i Bergen, opplyser at far hennar kjøpte den gamle bibelen kring hundreårsskiftet, og ho meiner det er i ei eller onnor bygd her på Vestlandet. Ei sida bak i boka er full av namn, truleg på dei eldste eigarane, men dei er vande å tyda. Eit av dei tykkjest vera Jacob Jørgensen Ravn. På neste sida er namn av nyare dato. Her er nemnt Niels Hansen, gift 20. okt. 1714, 46 år gamall, og barna: Uni Nielsdtr. f. 29/2 1716, Lars Nielsøn f. 5/9 1717, Hans Nielsøn f. 9/9 1719, Jens Nielsøn f. 2/7, 1722 og ei dotter (uleseleg namn) f. i 1727. Deretter kjem ny eigar: Peder Pedersen Vatlestad 1847.

Eksemplaret i boksamlinga til avlidne folkehøgskulestyrar Lars Eskeland har etter det sonen, lektor Sigurd Eskeland, opplyser tilhøyrt A. M. St. Arctander som selde bibelen til Eskeland. Tidlegare eigarar som har skrive namnet sitt i bibelen er: Knut E. Helland (truleg for 100-150 år sidan). Eldste daterte namnet er Gunnar Ingebrichtsen (hører denne bibel til) 1613. Så: Berendt Gundersen (hører denne bibel till. Och fick ieg den effter min Sl. fader 1658). Det er så skrive mange sider med slektsopplysningar (fødde og døde) fram til 1803. Det ser ut til, skriv Eskeland, at bibelen har vore i same ætta alle desse åra, truleg ei bergensætt. Sist er skrive namna, Joron Eriksdatter, M. Garboe. Hellef Helleland.

Eksemplaret er i god stand. Etter opplysningane å døma er det og innbunde pøny.

Verkseier Jørgen A. Jensen, Drammen, opplyser at hans eksemplar har vore i ætta sidan år 1800 då Jermund Jonsen Kleiver kjøpte det hjå Rachel Blom på Strømsøe.

---

[1] I Asker og Bærums Budstikke stod i 1941 ein artikkel om dette eks. skrive av dåverande stud. theol. H. C. Mamen.

Dei eksemplar eg har hatt høve til å sjå, og elles dei som eg har fått meir utførlege opplysningar om, har alle vore restaurerte. Kantane er reinskorne pány, det ser me av margnotene, der mest alltid ytterste delen er skore bort. Ved restaureringa må me gå ut frå at bindet og er fornya. Me veit ikkje noko visst om korleis det opphavelege bindet såg ut. Det me veit er det som står i kontrakten med bokbindaren at det skulde vera forsvarleg lærbind med spenner og beslag. Men i rekneskapen er og nemnt ubeslagne eksemplar, så der kan ha vore to slags bind.

Det kgl. Bibliotek i København eig eit eksemplar som ein meiner har originalbindet laga av Paul Knobloch i 1550 (sjå fig. 7) Det er heilbind i saueskinn med dekorasjonar i rulle-blindtrykk og med kopar beslag og spenner. Munksgaard seier at beslag og spenner «er sikkert originale, ligesom Rullene, medens Stemplerne antagelig stammer fra en senere Periode.» (Munksgaard: s. 22).

Av dei 15 eksemplar eg har set er det berre bibelen til Nils Sund og Sindingbibelen i Stavanger Museum som har same slags koparbeslag som eksemplaret i Det kgl. Bibliotek, men skinnbindet er ikkje likt. Truleg er det ved ombindinga av dei to biblane lagt nytt skinn på dei gamle trepermane, og så har dei nytta det gamle beslaget. At me finn to eksemplar i Noreg og eit i Danmark med heilt likt beslag styrker sterkt den oppfatningen at dette er dei opphavlege beslag. Eksemplarane i Universitetsbiblioteket i Oslo og Bergen og på Deichmannske (dep. på U.B.) har ikkje det opphavlege bindet, og det har etter Munksgaard, heller ikkje dei eksemplar som er i Universitetsbiblioteket i København.

Det Danske Sprog- og Litteraturselskab utgav i 1928 på Levin & Munksgaards Forlag ei praktfull faksimileutgåve av Kristian den tredjes bibel. Den er godt kjent og mykje spreidd også her i landet, serleg i kyrkjer. Då dette er ein kopi av originalutgåva både i typografi og illustrasjonar[1] og i format og papirkvalitet, kunde det liggja nær å tru at innbindinga og er kopiert etter det sannsynlege originalbindet i Det kgl. Bibliotek. Men det er det ikkje. Forlaget opplyser at bindet til faksimileutgåva (frå Petersen & Petersens Bogbinderi, København) er ein heilt ny og fri komposisjon utan noko einskilt førebilete, men likevel slik at bokkunstnaren har freista å koma stilen frå 1550 så nær råd er.

---

[1] Ved denne utg. er og det grafiske arbeidet gjort av tyske fagfolk. Den er framstellt i Leipzig. Opplag 1000 eks.

Fig. 8. David og Goliat. Filistarheren med kanon (!) (Altdorfer.)

DET GRAFISKE UTSTYRET.

Den danske reformasjonsbibelen var både som typografisk fagarbeid og som bokkunst noko heilt uvanleg for si tid. Det var ikkje berre det største bokprentararbeidet som til då var gjort i Danmark, men det var og utan samanlikning det beste og mest for seg gjorde prentearbeid som var kome på dansk.

Samanliknar ein denne utgåva med Lybekbibelen vil ein nok, slik som bibliotekar Henrik Harboe har peika på,[1] finna at det typografiske utstyret avvik noko i dei to utgåvene. Skilnaden er likevel så liten, at ein kan seia at teknisk er den danske reformasjonsbibelen ei utgåve av den plattyske Lutherbibelen i dansk språkdrakt, Både skrifttypene og tresnitta til illustrasjonane er med nokre få undantak[2] dei same i båe utgåvene. Dette var og føreset-

[1] Harboe: Humanisme og reformasjon i boktrykk. Norsk Boktrykkkalender 1937. Det kan ha vore det avvik i utstyret som Harbo peikar på, som gjorde at kong Kristian var svært misnøgd med det første prøvetrykket som han tykte ikkje heldt mål med Lybekbibelen.

[2] Ill. til pinseunderet i Ap. gj. som finst i den danske utg. finst ikkje i Lybekutg., men er tatt frå ei utg. av N.T. prenta i Rostock 1539 av Dietz med Altdorfers tresnitt.

Videre er tittelsidene i G.T. noko brigda i den danske utg.



Fig. 9. Batseba i badet. Arkitektur frå 1500-tallet. (Altdorfer.)

naden slik det går fram i skriv frå Universitetet til kong Kristian (dagsett 16/12 1548) saman med det første prøvetrykket frå Dietz. I skrivet heiter det at Dietz er viljug til å prenta «dery Tausent exemplaren mit seinen eigenen litern, (typer) figuren vnd anderen dazu gehørenden gezeuge als zu der Lubischenn Biblienn gebraucht». (Ny Kirkehist. Saml. s. 121).

Formatet er likt i dei to utgåvene (folio ca. 33 × 24 cm). Store bøker nytta helst folioformat, medan mindre skrift, såleis nytestamentet og deler av Bibelen óg vart prenta i kvart og oktav; dei fleste tidlege fullstendige bibelutgåvene er i folioformat slik som første utgåvene til Luther, både Lybekgåva og Wittenbergutgåva. Det klassiske førebilete var 42-linjesbibelen til Johann Gutenberg, den første prenta bibelutgåva. Men vår bibelutgåva har ikkje spaltedelinga slik som Gutenbergutgåva og eldre foliohandskrift, og som frå Fredrik 2.s bibelen i 1589 óg vart vanleg utstyr i dei danske bibelutgåvene. Som i førsteutgåva til Luther har den danske utgåva óg samanhengande tekst tvers over sida. Undantak er Davidssalmane, Salomos Ordspråk frå kap. 10 og ut, og Jesu Siraks Bok i Apokryfene der sidene er delt i to spalter. I Salmane og Salomos Ordspråk er

kvar setningsperiode oppdelt i avsnitt så det minner plent om versinndelinga, det er berre nummertala som vantar. Meininga med dette utstyret var å markera at det var songar med lyrisk innhald, ikkje prosa slik som i dei andre bøkene.

Dei gamle bibelhandskrift hadde ikkje versinndeling, og slik var det med dei første prenta bibelutgåvene. Kristian den tredjes bibel og den fylgjande danske bibelutgåva Fredrik den andres bibel av 1589, har heller ikkje versinndeling.[1]

Til illustrasjonane i Kristian den tredjes bibel er nytta 76 tresnittplater. Der er 6 heilsides plater, nemleg: Tittelsida som og er nytta til tittel på Det nye testamente og til ny tittel på profetbøkene, då det der ikkje gjekk an å nytta tittelplata frå Lybekbibelen, av di dette berre var tittelen utskoren i ei heilsides plata med plattysk tekst. (Denne plata var den eine av dei to som var signert av illustratøren). Så kjem ei heilside av Adam og Eva i Paradis, deretter kong Kristian den tredje og på motståande side det danske riksvåpnet i groteskråme, og endeleg i teksten ei heilside av Aron øvsteprest og heilside av Josva som tittelside til Josva bok.

Illustrasjonane i teksten er i Det gamle testamente: 14 i Mosebøkene, 3 i Josva bok, 7 i Samuelsbøkene, 6 i Kongebøkene, 1 i profeten Jesaja, 2 i profeten Daniel, ialt 33. Det nye testamente har i evangeliene portrett av dei fire evangelistane, 1 i Apostelgjerningane, 4 ymse illustrasjonar av Paulus i Paulusbreva, 1 av Peter i Peters 1. brev, 1 av Jacob i Jacobsbrevet og 26 i Johannes Openberring. Ialt vert det 37 illustrasjonar i Det nye testamente.

Med undantak av dei to heilsidene av kongen og det danske riksvåpnet som båe er skorne i tresnitt av den danske målaren Jacob Brinck, — han har signert øverst i plata av riksvåpnet — skriv illustrasjonane seg frå materiellet til Ludowich Dietz, og med undantak av den nemnde illustrasjonen til pinseunderet hadde dei alle saman tidlegare vore nytta i Lybekbibelen.

Det er disse 74 tyske tresnitta me skal sjå litt næmare på her. Dei er laga i tida 1530-34 (på biletet av Sifloda i 1. Mos. kap. 7 står årstalet 1530).

---

[1] Den første bibel med versinndeling er ei gresk utgåve av nytestamentet prenta av Robert Stephanus i Genua i 1551. Der er nytta versinndeling som sidan vart den vanlege. Den første danske bibelutgåve med versinndeling er bibelomsetjinga til Hans Resen prenta i 1607. (Brandt 1889: s. 51). Både Kristian den fjerdes bibel av 1633 og alle seinare utgåver nytta versinndelinga.

Fig. 10. Evangelisten Lukas — Luther på Wartburg.

RENESSANSE OG BIBELILLUSTRASJON.

Skal me fullt ut skjøna desse bibelillustrasjonane, må me sjå dei ihop med tida dei vart til i, for dei er så sterkt og så typisk tidsbundne, at dei i røynda fortel oss som ser dei idag, m e i r om reformasjonstida enn om dei bibelske hendingane dei skal illustrera. Det er ikkje ånden frå profettida og aposteltida dette, men ein refleks av den veldige brytningstid mellom gammalt og nytt som skapte det store åndelege gjennombrotet frå mellomalder til nytid.

Munken Martin Luthers opprør mot pave- og munkeveldet var og eit typisk utslag av dei sterke brytningar i tida. Han stillte seg på lina med den nye åndsstraumen og førte kampen med våpen frå renenssansens våpenesser. Av reint materielle våpen var her prentekunsten det mest effektive, men hakk i hel kom den nye realistiske biletkunsten, og denne er det som i grunnen slår oss menneske av idag sterkast når me blar i biletbiblane frå reformasjonstida. Det er noko djervt og merkeleg levande meir jordisk enn him-

melsk over desse bibelbileta. Ja det er som dei endå meir enn sjølve omsetjinga av teksten til det nye folkemålet er g u d s o r d e t omsett i eit lett skjønleg formspråk som alle måtte kjenna att.

Her finst det ingen ting att av den stille, andaktsstemmande kyrkjekunsten med den lidande Frelsaren, fromme og saktmodige heilagmenner eller jomfru Maria som himmeldronning, som var så kjære og mykje nytta motiv frå oldkyrkja og mellomalder. Nei, her er dei bibelske motiv og hendingar sett inn i ei råma som folk kjende att kring seg sjølv. Og her er det kan hende nettopp Lybekillustrasjonane som er dei mest typiske og som mest konsekvent har profanert dei bibelske hendingar og omsett dei i samtidig tysk folkeliv og folkemytologi, med tysk landskap og tysk arkitektur. Dei kjende bibelske personane har kasta dei tradisjonelle bibelske klede og iført seg drakter etter nyaste mote på 1500-talet. Dette fell vel ikkje så sterkt i augo idag, men kva vilde vel folk ha sagt om ein illustratør i vår tid hadde vore så moderne og radikal at han hadde utstyrt dei bibelske kvinnene i «new look»? For det er i røynda noko tilsvarande som er gjort her.

I Lybekillustrasjonane er profetar og evangelistar kledde som lærde menn i den tida gjerne var det, i vid, sid kappe og flat doktorhatt, slik som Luther sjølv er kledd på det kjende målarstykket av Lucas Cranach. Ja, evangelisten Lukas slik han er framstillt sitjande ved det tunge renessansebordet med fjørpennen i høgre, blekkhuset i vinstre, bøker og krusifiks framfor seg på bordet og med fritt utsyn frå borgstova gjennom den åpne portalen til eit villt fjellandskap med riddarborg på øvste toppen, kan det vera nokon annan enn Luther sjølv medan han arbeider med bibelomsetjinga som kurfyrstens fange på Wartburg? (Fig. 10).

I denne 1500-tals draktparaden møter me tiggarmunkar, fornæme herrar frå hoffet og adelen i «pludderhoser» og med vide, flate barettar, sume med og sume utan strudsefjør. Ja, jamvel siste mote i hovudplagg, spansk hatt med høg pull er komen med. (Fig. 11). Her er englar kledde etter dei nyaste damemotane, berre vengene fortel at dei ikkje høyrer denne verda til. Våpen og rustningar er slik riddarane bruka ved turneringane på 1500-talet. I den ulike kampen mellom gjetarguten David og filisterkjempa ber Goliat ein rustning som ikkje på noko avgjerande punkt skil seg frå turneringsrustningen til Kristian den tredje på kongetapetet måla av Hans Kneiper, nå i Nationalmuseet.[1] (Fig. 8). Interessant er det og å

[1] Ill. i Troels Lund Dagl. liv i Norden. (I den norske utg. bd. 2 s. 331).

Fig. 11. Paulus. Menn i pludderhoser og moteklær frå 1500-åra.

leggja merke til at våpna til Goliat er lanse og tohandssverd, slik dei var i bruk i 1500-talet. Guten David har kort kjole og hoser. Han har bandslyngja med den drepande steinen i høgre handa og ein reservestein i vinstre; dette siste gjer han straks noko meir jordisk. Han står i utgangsstilling, ilter så det reint frøser av han, framfor kjempa som med ope hjelmgitter likesælt støder seg på lansen. Det er ei sterkt målande og dramatisk scene, men det opphøgde himmelske over Israels frelsarmann som gjekk mot fienden i Herren Zebaots namn, leitar me fåfengt etter. Derimot finn me i bakgrunnen framfor lægeret til filisterheren noko reint utruleg: Ei kanon på 4-hjula lavett peikar trugande mot israelsborna. Men kanskje er det på denne måten ved å ta med dette nyaste krigsvedunderet kunstnaren vil få fram korleis Jehova var med sitt utvalde folk og frelste det gjennom ein liten gjetargut mot ein overmektig fiende, utstyrt med dei nyaste fælslege krigsmaskinar.

I den ytre råma møter me dei same karakterdrag som i personar og drakter. Det er nordeuropeiske byer og grender med gotiske katedralar, med slott og borgar frå riddartida, men og moderne byhus i terrakotta-arkitektur. Her er typiske tyske fjell-landskap med snø på toppane og riddarborgar etter dei bratte bergsidene. Om det så er vindmylla så finn me henne på åssida utan for borgen i bakgrun-

nen medan kjempa Samson i forgrunnen knuser tusen filisterar med eit kjakebein. (Fig 5).

I dette heilt nordeuropeiske miljøet er det mest berre løva av Juda som fører tanken på Austerlanda. Fabeldyra i Apokalypsen får oss derimot uvilkårleg til å tenkja på germansk og jamvel nordisk mytologi og folkedikting snarare enn på austerlandsk mystikk. Djevelen har horn og klør som fanden i eventyret, (fig 14) og «dyret» kunde like snart vore ei skildring av trollet med dei mange hovud. Draken med den gapande kjeften og den ufyselege ormehamen er og eit merkeleg kjent motiv frå eldre nordisk dyreornamentikk. Me kjenner han elles at frå eventyr og folketru.

Me har Luthers eigne ord for at han og staben hans i Wittenberg målmedvite nytta bibelillustrasjonane både som propaganda for den nye læra og som kampvåpen mot munkeveldet. Han skriv einstad om kor nyttige bilete er serleg for «Kinder und einfaltigen» (Jürgens s. 8), og det e r kjent at han sjølv gav direktiv til prenteverket om kvarhelst i teksten dei og dei illustrasjonane skulde setjast inn. Målet var at Bibelen skulde verta ei folkebok, men i ei tid då berre eit fåtall kunde lesa, vilde sjølv ikkje den folkelege tyske teksten til Luther greida å gjera den til det. Men b i l e t s p r å k e t vilde alle forstå.

Det var elles ikkje noko nytt; biletbiblane hadde tradisjonar heilt attende til oldkyrkja gjennom «illuminerte» bibelhandskrift (med fargelagde illustrasjonar) og bibelske biletbøker. Dei sistnemnde var sers populære i seinmellomalderen, dei såkalla fatigmannsbiblane, (Biblia pauperum).[1] Dei framstillte dei då i tresnitteknikk med heile boksida med bilete og tekst skore inn i treplata. Bokprentarkunsten var i grunnen berre ei vidare utvikling av denne teknikken, og det seier seg sjølv at den heldt på tresnittet som ein gild lekk i de nye faget. Alt låg såleis vel til rette for reformatorane då dei gjekk igong med dei nasjonale bibelutgåvene. Rett nok hadde bibelillustrasjonane god tradisjon i romarkyrkja, men det hindra ikkje at dei kunne verta eit framifrå våpen nettopp i kampen mot den.

Den som ser på illustrasjonane i dei lutherske bibelutgåvene med kritikk, vil verkeleg finna ein jamvel ofte sterk tendens i dei tilsynelatande fromme bibelscenene. Sers tydeleg går dette fram i apokalypseillustrasjonane. Heile serien er der mykje godt eins i alle

---

[1] Ymse faksimileut. av slike er kome i seinare tid, såleis i London 1884.

Fig. 12. Dyret med pavekruna på hovudet, hylla av bisp og herrar.

utgåvene. Den er frå først av skapt av Dürer. Men det er dei protestantiske illustratørane i Wittenberg, og av dei først og fremst Lucas Cranach d.e. som, visseleg etter informasjon frå høgare hald, har gitt serien det sterkt polemiske draget, slik me så typisk kan sjå det nett i den danske reformasjonsbibelen. Luther sjølv indentifiserte Antikrist med paven, og den babyloniske skjøkja og draken som stig opp or avgrunnen var det lastefulle preste- og munkeveldet som forførde dei uskuldige. Og nettopp i denne lutherske kampånd er dei tilsvarande illustrasjonane framstelt. I illustrasjonen til kap. 16 har dyret pavekrune der det sit på truna med fyrstane av denne verda stående kring, (Fig. 12) og i kap. 17 ser me ein fransikanarmunk, ein prest og ei nonne knelande framfor den babyloniske skjøkja. (Fig. 13). Den tyske kunsthistorikaren Zimmermann peikar på (s. 2) at endåtil arkitekturen er tatt til hjelp i denne kampen: Babylon, «den store skjøkja», er når ein ser nøgjare etter ikkje noko anna enn Roma. (Ill. til kap. 14 og 18). Idag vil me vel helst kalla dette grovkorna karikatur, og dei fleste vilde truleg reagera heller sterkt om nokon nå fann på å illustrera Bibelen på tilsvarande måte. Men det høvde med den folkelege smaken og oppfatningen i

Fig. 13. Den babylonske skjøkja og ein knelande fransiskanarmunk, ein prest og ei nonne.

reformasjonstida, det tolka bibelinnhaldet naturleg og realistisk, lettfatteleg for alle. Det jamne folket har utan vidare oppfatta og akseptert desse sterkt polemiserande kampbileta som ei sann skildring av Guds ord. På denne måten nådde reformatorane ôg det målet, at Bibelen vart folkeboka. For det er nok ikkje minst dei lettfattelege og målande illustrasjonane å takka at Lutherbibelen vart spreidd med slik utruleg fart; berre i Tyskland kom til midten av 1500-talet kring 100 utgåver av Bibelen og Ny-testamentet, og illustrerte omsetjingar på folkemålet kom etter kvart i alle land som innførte Lutherlæra.[1]

ILLUSTRATØREN ERHARD ALTDORFER.

Det er den tyske målaren og bokillustratøren Erhard Altdorfer som er meister for dei 74 tresnitta. I den danske bibelutgåva står

[1] I Sverike kom den første bibelutg. på morsmålet, «Gustaf den førstes bibel», i 1541, truleg omsett av reformatoren Olaus Petri, prenta i Uppsala av tyskaren Georg Richoloff og illustrert av den kjende tyske bibelillustratøren Georg Lemberger. Den første kompl. engelske utg. ved Miles Coverdale er prenta i 1535 (i Tyskland). Også denne utg. er illustrert. I Sveits og Holland kom ill. utg. av Lutherbibelen i 1530-åra.

monogrammet hans, EA, på illustrasjonen til kap. 30 i 2. Mosebok. (Fig. 4). I Lybeckutgåva har han og som nemnt tidlegare, signert tittelsida til profetbøkene. Erhard var ein yngre bror til den kjende renessansemeisteren Albrecht Altdorfer i Regensburg, men han var ikkje som broren nokon stor, skapande målar. Som målar ser det ut til at han helst har arbeidt med dekorative oppgåver ved hoffet til Henrik den fredsommelege i Schwerin. Dertil har hertugen og nytta han mykje som arkitekt og byggmeister, desse sistnemnde interessene til Erhard har då og gitt seg karakteristiske utslag i bokillustrasjonane hans.

Det eldste kjende arbeidet til Erhard, eit våpenstikk datert 1506, (Jürgens: fig. 1) må vera gjort medan han budde heime i Regsburg, og det tyder på at han har lært hjå broren som året i førevegen hadde tatt borgarskap i målarfaget der, og såleis rimelegvis har halde læregutar. Men si vidare læretid har han stått hjå den store meisteren Lukas Cranach i Wittenberg, og det er denne læraren som har sett varige merke hjå den unge Erhard. Han kom midt opp i dei store bokillustrasjonsarbeid som Cranach og den talrike elevflokken hans dreiv med for reformatorane i Wittenberg; det var nettopp denne Cranachverkstaden i Wittenberg som utstyrte det meste av bøkene til Luther og medarbeidarane hans med tittelinnfatningar og illustrasjonar. (Butch: s. 56).

Den eldste kjende bokillustrasjonen til Altdorfer er tittelinnfatningen til ei bok om herstell, prenta i 1515; (Jürgens: fig. 3) han legg alt der for dagen si interesse for arkitekturmotivet. Det er elles kjent fleire bokillustrasjonsarbeid frå verkstaden hans før han fekk det store arbeidet med å illustrera Lybekbibelen. Han budde nå i Schwerin der han åtte hus og hadde tatt meisterskap og hadde stilling som hoffmålar hjå hertug Henrik. Som nemnt var han og arkitekt og var truleg ein av leidarane ved atterreisinga av byen etter ein stor brand i 1531. Han bygde ôg om fyrsteslottet i Wismar i 1553.

I bibelillustrasjonane har Altdorfer slik som dei fleste bibelillustratørane nytta førebilete. Ved å ta for oss nokre utgåver av reformasjonsbiblane vil me sjå at det jamt er dei same biletseriane som går att. Det kan nok gi det førsteinntrykket at det må ikkje ha vore rart fatt med fantasien og nyskaparevna hjå illustratørane. Men me gjer urett om me dømer arbeidet deira på det grunnlaget. Her må ein og ta omsyn til at det galdt t i n g a arbeid, og illustratørane kunne vera sterkt bundne av oppdragsgjevarane. Serleg dei arbeid som hadde med reformasjonslitteraturen å gjera må ha vore bundne

både av førebilete og forskrifter som illustratørane laut halda seg til. Dei kunne difor berre innafor ei avgrensa råma leggja noko av sitt eige i arbeidet.

Førebileta til Erhard Altdorfer finn me i dei mange tidlegare Wittenbergutgåvene. I illustrasjonane til dei to første delene av Gamletestamentet har han halde seg til tresnitta åt Cranach d.e. i folioutgåva av Bibelen frå 1523. Til profeten Jesaja har han nytta som førebilete ein illustrasjon av Georg Lemberger i ei kvartutgåve av Jesaja prenta i 1528 av Hans Lufft, og illustrasjonane i profeten Daniel kan førast tilbake på illustrasjonane i ei Danielutgåva i kvart format hjå Hans Lufft i 1530. Illustratøren er der ein annonym H. S. Ved framstillinga av evangelistane og apostlane har Erhard gjort fritt bruk av oktavutgåvene av Nytestamentet, men sjølv om ein ved å samanlikna lett kan peika ut førebilete, så har Altdorfer her skapt personane om slik han sjølv har oppfatta dei og verkeleg fått noko originalt ut av det. I apokalypseteikningane har han derimot halde seg nøgje til førebileta, slik ein mest beinveges finn dei i Wittenbergutgåva 1530 av Nytestamentet skorne av signaturen A.W. Men heile illustrasjonsserien til Openberringsboka går så å seia obligatorisk att i alle Wittenbergarbeida. Dei held seg alle, som Jürgens uttrykkjer det, etter den eviggjeldanda råma til Dürer, men berre med den skilnaden at dei protestantiske apokalypseillustrasjonane i motsetning til Dürer skulde t o l k a og og p o l e m i s e r a. Tittelbladet har ikkje noko førebilete i tyske arbeid, men er laga etter eit fransk tresnitt og syner det gamle testamentet stelt opp imot det nye den gamle pakt imot den nye.[1] Heilsida av Adam og Eva i Paradis kjenner Jürgens i det heile tatt ikkje noko førebilete til. Ein halvsides paradisscene signert med monogrammet HSK finst som illustrasjon til Skapings-soga i 1. Mosebok i ei latinsk foliutg. prenta i 1521 av Antoni Roberger frå Nürnberg.[2]

Om Erhard Altdorfer såleis i heile dette store illustrasjonsarbeidet har hatt mynster å gå etter, og i apokalypseteikningane har halde seg heller nøgje til den så å seia autoriserte reformasjons-

---

[1] Motivet har vore noko nytta i norsk biletvev på 1600-talet. M.a. er motivet til et antependium frå Sandsvær kyrkja teke frå tittelbladet. Nå i Oslo kunstindustrimuseum (O.K. nr. 2863) Sjå Norsk billedvev gjennom 400 år. Av Thor Kielland (s. 34).

[2] (Finst på Haugesunds folkebibliotek). Det kan godt vera førebilete til paradisillustrasjonen hjå Altdorfer; det finst jamvel ein viss likskap i komposisjonen; men her syner og Altdorfer ein personleg oppfatning av motivet.

Fig. 14. Engelen med lykjel til avgrunnen, djevelen framstelt som „fanden" med klør og horn, tysk riddarborg i bakgrunnen.

serien, så skil arbeidet hans seg likevel ut frå dei andre meddi dei viser ein merkeleg originalitet. Dei markerar eit helst radikalt brot med den gamle stereotype måten å skildra bibelsogene på. Her er noko nytt, personleg og levande som står som ein protest mot dei gamle, livlause presonoppstellingane.

Erhard fortel bibelinnhaldet både realistisk og naturleg. Han set dei heilage hendingane beinast inn i kvardagslivet i eit miljø alle kjenner. Meir målmedvete enn nokon samtidig og tidlegare bibelillustratør, Cranach medrekna, har han ôg nytta landskapet og arkitekturen til å skapa ei levande og heimleg råma om figurane. Dette nye kjem sterkast fram i dei arkitektoniske motiv; desse har hjå Altdorfer fått ein meir dominerande plass enn hjå nokon av dei samtidige illustratørane. Her får han då presentera den nye stilen: renessansen. (Sjå fig. 4, 9 og 10). Det er fagmannen som stikk fram, byggmeisteren som ikkje let noko høve gå frå seg til å syna kva han kan. Tempelteikningane hans i Det garnle testamentet er til dømes så nøgje gjennomførde etter bibelske mål og tilvisingar, at Jürgens meiner det endå idag skulde vera mogeleg å nytta dei til arbeidsteikningar.

Men i landskapet er Erhard romantikaren og kunstnaren med

eit ope syn for skiftande naturstemningar. Han får fram skuggeovergongane i tett lauvskog (Fig 2) og nyttar ut den sterke kontrastvirkningen mellom tette, veltande skymassar og klår himmel. Han teiknar ville, sundrivne fjellandskap, gamle forvridne eikestammer, blomar på ein rik skogbotn, mogen kornåker og buskap på beite, romantiske gamle bondehus der røyken stig lystig til vers frå høge skorsteispiper. Overalt liv og rørsle sjølv i naturen. Ingen bibelillustratør hadde makta å gjera den heilage skrifta så levande og så spanande. Både Jürgens og Zimmermann set Altdorfer mellom dei fremste bibelillustratørane i tida. Jürgens går så langt at han seier at Altdorferillustrasjonane høyrer til dei beste i alle Luther-biblane og at Altdorfer i dei viser seg som ein av dei største illustratørane i si tid (s. 53). Zimdermann understrekar den personlege stilen og den kunstnarlege takten hjå Altdorfer og set han i fremste lina mellom bokillustratørane i tida (s. 83).

Når den danske reformasjonsbibelen gav kongen både æra og gull så hadde han ikkje minst den tyske bokillustratøren å takka for det. Kan hende var det nettopp gjetordet om dei gilde illustrasjonane Erhard Altdorfer hadde skore til Lybekbibelen, som fekk kong Kristian til å velja bokprentaren Ludowich Dietz som sat inne med materialet til desse illustrasjonane. Korleis det nå enn er med dette så vart resultatet i alle høve at den danske bibelen fekk illustrasjonar laga av ein av dei fremste bokillustratørane i Tyskland ved midten av 1500-talet.

Samanliknar me den islandske bibelutgåva frå 1584 med Kristian den tredjes bibel, vil me finna ein påfallande likskap både i typografisk utstyr og illustrasjonar. Bisp Gudbrandur prenta sjølv bibelomsetjinga si på eige prenteverk på Holar, og bispen skal og sjølv ha skore tresnitta til illustrasjonane. Bibliotekar Henrik Harboe har gjort meg merksam på monogrammet, GT, på Paulusbiletet i Romarbrevet. Det er nok initialane til Gudbrandur Thorlakson. Men samanliknar me denne og andre illustrasjonar i den islandske utgåva med dei tilsvarande Altdorferillustrsjonane, er det lett å sjå at her er ikkje berre brukt førebilete, men beint fram kopiering. Einskilde små detaljar tyder på at illustrasjonane frå den danske utgåva er kalkert direkte over på dei islandske tresnitta. Skilnaden er ofte berre den, at bispen sine tresnitt kvalitativt ikkje held mål med førebileta. Men ein allsidig og nevenyttig mann må han ha vore den energiske Holarbispen, ein prest som kunne meir enn sitt fadervår.

LITTERATUR SOM DET ER TILVISINGAR TIL I TEKSTEN:

Brandt, C. J: Udsigt over vore danske Bibeloversættelsers Historie, Kbhvn. 1889.

Vore danske Bibeloversættelser i Smaaskrifter til Oplysning for Kristne. Kbhvn. 1800

Die Religion in Geschichte und Gegenwart, Tübingen 1909.

Encyclopedia Britannica, Chicago 1947.

Butsch, A.F.: Die Bücherornamentik der Renaissance, Leipz. 1878.

Harboe, Henrik: Humanisme og reformasjon i boktrykk. Norsk boktrykkalender, Oslo 1937.

Jürgens, Walter: Erhard Altdorfer, Lübeck, 1931.

Kirkehistoriske Samlinger II, Khvn. 1853-56.

Ny kirkehistoriske Samlinger I, Khvn. 1857-59.

Molbech, Chr.: Bidrag til en Historie og Sprogskildring af de danske Bibeloversættelser fra XVI Aarhundrede, særdels Christian den Tredies Bibel af 1550, Khvn. 1840.

Munksgaard, Ejnar: Den første danske Bibel og dens Historie. Khvn. 1928.

Otzen, P.: Det nye Testamentes Sprog. Haandbog i Kristendomskundskab III, Kbhvn.

Paache, F.: Luther, Kra. 1917.

Schjoldager, Astrid: Bokbind og bokbindere i Norge inntil 1850. Oslo 1927.

The New International Encyclopedia. New York, 1930.

Troels-Lund: Daglig liv i Norden, norsk utg.

Zimmermann, Hildegard: Beiträge zur Bibelillustration des 16. Jahrhunderts. Studien zur Deutschen Kunstgeschichte. Heft 226. Strassb. 1924.